Drift av båtrute Sunnhordaland

Databehandleravtale

Mellom

Vestland fylkeskommune v/ Skyss

Og

Operatør

Databehandleravtalen er inngått mellom:

Skyss, org. nr. [xxx xxx xxx] («Behandlingsansvarlig»)

og

[OPERATØR], org. nr. [xxx xxx xxx] («Databehandler»)

1. Bakgrunnen for Avtalen

Den Behandlingsansvarlege og Databehandlaren (i fellesskap «Partane») har inngått ein avtale/avtalar om drift av båtrute Sunnhordaland. Denne databehandlaravtalen (heretter «Avtalen») er inngått mellom Partane og inneheld dei generelle vilkåra for behandling av personopplysningar som Databehandlaren utfører på vegner av den Behandlingsansvarlege. Denne Avtalen regulerer rettar og plikter i samband med behandling av personopplysningar ved oppfyllinga av Hovudavtalen. Avtalen er ein del av Hovudavtalen.

Avtalen regulerer rettane og pliktene til den Behandlingsansvarlege som *behandlingsansvarleg* og Databehandlaren sine rettar og plikter som *databehandlar* når Databehandlaren behandlar personopplysningar på vegner av den Behandlingsansvarlege.

2. Føremålet med avtalen

Avtalen skal sikre at personopplysningar blir behandla i samsvar med dei krava som til ei kvar tid gjeld for behandling av personopplysningar, inkludert EU forordning 2016/679 av 27. april 2016 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger («Personvernforordninga») og personopplysningslova med tilhøyrande forskrifter (i fellesskap «Personvernlovgjevinga»).

Omgrep og definisjonar som blir brukte i Avtalen, skal forståast på same måten som i Personvernlovgjevinga.

Føremålet med avtalen er å regulere rettane og pliktene til Partane på ein slik måte at ein rettar seg etter Personvernlovgjevinga. I tvilstilfelle skal ein velje det tolkingsalternativet som ligg nærast normalordninga i Personvernlovgjevinga, sjå særleg prinsippa for behandling av personopplysningar i Personvernforordninga artikkel 5.
Databehandlaren skal behandle personopplysningane på den måten som er skildra i Avtalen, og på anna vis etter skriftleg instruks frå eller skriftleg avtale med den Behandlingsansvarlege.

Avtalen inneber ingen endringar i dei kommersielle vilkåra i Hovudavtalen. Etterleving av Avtalen gjev heller ikkje Partane krav på tilleggsvederlag utover det som kjem fram av Hovudavtalen. Etterleving av Personvernlovgjevinga blir rekna for å vere prisa inn i Tenesta med mindre noko anna er skriftleg avtalt mellom Partane.

Føremålet med handsaminga, type behandling, kva slags personopplysningar som skal behandlast, og kategoriar av registrerte følgjer av Vedlegg 1 til Avtalen.

3. Omfang

Denne Avtalen gjeld for all behandling av personopplysningar som Databehandlaren gjer i samband med Hovudavtalen.

Denne Avtalen vil òg gjelde for anna behandling av personopplysningar på grunnlag av eventuelle skriftlege avtalar som Partane inngår i løpet av den tida Avtalen gjeld, og som inneber at Databehandlaren behandlar personopplysningar på vegner av den Behandlingsansvarlege (heretter kalla «seinare skriftlege avtalar mellom Partane»).

Databehandlaren skal ikkje behandle personopplysningar som Databehandlaren får tilgang til i samband med Hovudavtalen i større omfang enn det som er naudsynt for å oppfylle Hovudavtalen, Avtalen, skriftlege instruksar og eventuelle seinare skriftlege avtalar mellom Partane. Avgrensinga i dette avsnittet gjeld ikkje for personopplysningar som Databehandlaren har ei rettsleg plikt til å behandle (til dømes for å oppfylle plikter etter bokføringslova). Før Databehandlaren eventuelt behandlar personopplysningar som han har fått tilgang til som følgje av Hovudavtalen for å oppfylle rettslege plikter, skal Databehandlaren varsle den Behandlingsansvarlege. Databehandlaren si plikt til å varsle den Behandlingsansvarlege gjeld likevel ikkje der slik varsling er forboden etter Personvernlovgjevinga eller anna norsk lov.

4. Pliktene til Databehandlaren

Databehandlaren skal gjennomføre eigna tekniske og organisatoriske tiltak for å sikre at all behandling etter Avtalen oppfyller krava i Personvernlovgjevinga, inkludert krava om informasjonstryggleik i Personvernforordninga artikkel 32. Dersom det ligg føre godkjende åtferdsnormer etter Personvernforordninga artikkel 40 eller ei godkjend sertifiseringsordning etter artikkel 42 som Databehandlaren har forplikta seg til å rette seg etter eller vere sertifisert etter, pliktar Databehandlaren å rette seg etter slike åtferdsnormer eller sertifiseringskrav.

Databehandlaren skal, med omsyn til typen behandling det er tale om, hjelpe den Behandlingsansvarlege med å etterleve sistnemnde sine plikter når det gjeld informasjonstryggleik og hjelpe til med å svare på førespurnader frå registrerte. Tilsvarande skal Databehandlaren hjelpe den Behandlingsansvarlege med vurderingar av personvernkonsekvensar og førehandsdrøftingar etter Personvernforordninga artikkel 32 til 36.
Databehandlaren skal føre protokoll (logg) over behandlingsaktivitetane han utfører på vegner av den Behandlingsansvarlege, og loggen skal minst innehalde den informasjonen som Personvernforordninga artikkel 30 krev. Den Behandlingsansvarlege kan når som helst krevje å få ein kopi av ein slik protokoll.

Databehandlaren skal gjere tilgjengeleg for den Behandlingsansvarlege all informasjon som er naudsynt for å vise at pliktene som er fastsette her i punkt 4 er oppfylte, og dessutan gjere mogeleg eller bidra til revisjonar, inkludert inspeksjonar, som blir gjennomførte av den Behandlingsansvarlege eller av ein annan inspektør på vegner av den Behandlingsansvarlege. Dette gjeld òg tilgang til tryggleiksdokumentasjon.

Databehandlaren har teieplikt om personopplysningar (og om korleis desse opplysningane blir behandla) som Databehandlaren får tilgang til i samband med Hovudavtalen, Avtalen, skriftlege instruksar og eventuelle seinare skriftlege avtalar mellom Partane. Databehandlaren skal sikre at personar som er autoriserte til å behandle personopplysningane, har forplikta seg til å behandle dei fortruleg, eller er underlagde ei eigna lovfesta teieplikt. Databehandlaren skal på oppmoding frå den Behandlingsansvarlege dokumentere at dei autoriserte personane er underlagde slik teieplikt. Databehandlaren skal sikre at berre autoriserte personar har tilgang til personopplysningane, og at dei blir fråtekne tilgangen dersom autorisasjonen går ut eller av andre grunnar ikkje lenger gjeld desse personane. Denne føresegna gjeld òg etter at Avtalen har gått ut.

Den Behandlingsansvarlege og Databehandlaren har teieplikt om konfidensiell informasjon om kvarandre si verksemd som har blitt formidla i samband med Hovudavtalen, Avtalen, skriftlege instruksar og eventuelle seinare skriftlege avtalar mellom Partane. Denne føresegna gjeld òg etter at Avtalen har gått ut.

Databehandlaren skal ikkje utlevere opplysningar eller informasjon som han behandlar på vegner av den Behandlingsansvarlege til tredjepartar utan eksplisitt skriftlege instruks frå den Behandlingsansvarlege.
Dersom Databehandlaren blir kontakta av tredjepartar, inkludert registrerte og tilsynsstyresmakter, skal Databehandlaren vidareformidle førespurnaden til den Behandlingsansvarlege snarast råd. Med mindre nokon anna er avtalt og så langt det let seg gjere, skal den Behandlingsansvarlege sjølv ta seg av kontakten med tredjepartar.

Dersom Databehandlaren meiner at ein instruks frå den Behandlingsansvarlege er i strid med Personvernlovgjevinga eller anna lovgjeving, skal Databehandlaren straks varsle den Behandlingsansvarlege om denne oppfatninga.

5. Rettane og pliktene til den Behandlingsansvarlege

Den Behandlingsansvarlege har både rett og plikt til å avgjere kva føremål og kva hjelpemiddel som kan brukast i behandlinga. Den Behandlingsansvarlege stadfester at handsaminga av personopplysningar i samband med Hovudavtalen er i samsvar med Personvernlovgjevinga, inkludert at den Behandlingsansvarlege har det behandlingsgrunnlaget som er naudsynt for å behandle personopplysningane.

6. Bruk av Underdatabehandlarar

Databehandlaren skal berre bruke underleverandør(ar) til behandling av personopplysningar («Underdatabehandlar» og «Underdatabehandlarar») som har blitt skriftleg godkjende av den Behandlingsansvarlege, og har stadfest at dei gjennomfører eigna tekniske og organisatoriske tiltak for å sikre at all behandling etter denne Avtalen oppfyller krava i Personvernlovgjevinga. Underdatabehandlarar skal påleggjast dei same pliktene som Databehandlaren når det gjeld vern av personopplysningar som fastsett i Avtalen.

Data kan ikkje overførast til og behandlast av ein Underdatabehandlar før den Behandlingsansvarlege har fått og gjeve skriftleg godkjenning av Vedlegg 3 til Avtalen.

Den Behandlingsansvarlege har rett til å nekte å godkjenne val av Underdatabehandlar på sakleg grunnlag.

Dersom Databehandlaren vel å halde på ein Underdatabehandlar trass i at godkjenning er nekta, skal Databehandlaren gje skriftleg varsel om dette til den Behandlingsansvarlege. Den Behandlingsansvarlege har rett til å seie opp Hovudavtalen og eventuelle seinare inngåtte avtalar mellom Partane. I tilfelle oppseiing skal Databehandlaren refundere alle førehandsbetalte beløp som er knytte til Hovudavtalen og eventuelle seinare inngåtte avtalar mellom Partane som skulle leverast etter den datoen då oppseiinga trer i kraft.

Dersom Databehandlaren held på ein Underdatabehandlar som den Behandlingsansvarlege har innvendingar mot, pliktar Databehandlaren å sørgje for at Underdatabehandlaren ikkje får personopplysningar som Databehandlaren behandlar på vegner av den Behandlingsansvarlege. På det tidspunktet då Avtalen blei inngått, har den Behandlingsansvarlege godkjent dei Underdatabehandlarane som går fram av Vedlegg 2 til Avtalen. Databehandlaren skal sjå til at det alltid finst ei oppdatert liste over godkjende Underdatabehandlarar med tilsvarande informasjon som i Vedlegg 2. Den oppdaterte lista skal vere tilgjengeleg for den Behandlingsansvarlege på førespurnad.

Databehandlaren har fullt ansvar overfor den Behandlingsansvarlege for alle tilhøve som gjeld bruk av Underdatabehandlarar, uavhengig av den Behandlingsansvarlege si godkjenning. Dersom

Underdatabehandlaren ikkje oppfyller pliktene sine når det gjeld vern av personopplysningar og krava i Avtalen, skal Databehandlaren ha fullt ansvar overfor den Behandlingsansvarlege for at Underdatabehandlaren oppfyller pliktene sine.

Databehandlaren har plikt til å sikre at avtalen med ein Underdatabehandlar gjev den Behandlingsansvarlege rett til å gjere krav direkte gjeldande mot Underdatabehandlaren dersom den Behandlingsansvarlege lid økonomisk tap som følgje av mishald frå Underdatabehandlaren si side.

7. Tryggleik og avvik

Databehandlaren skal oppfylle dei krava til tryggleikstiltak som blir stilte etter Personvernlovgjevinga. Databehandlaren skal kunne dokumentere rutinar og andre tiltak for å oppfylle desse krava. Dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg for den Behandlingsansvarlege på førespurnad.

Databehandlaren skal sørgje for at det blir gjennomført årlege tryggleiksrevisjonar, helst ved hjelp av ein tredjepart. Revisjonen bør inkludere gjennomgang av rutinar, stikkprøvekontrollar, meir omfattande stadlege kontrollar og andre eigna kontrolltiltak. Før det blir gjennomført ein slik revisjon, skal den Behandlingsansvarlege og Databehandlaren avtale korleis ressursar og kostnader i samband med revisjonen skal fordelast.

Ein rapport om resultatet av revisjonen skal sendast til den Behandlingsansvarlege. På bakgrunn av rapporten skal Databehandlaren av eige tiltak setje i verk utbetringstiltak for å bøte på eventuelle feil og manglar i informasjonstryggleiken.

I tillegg til slik kontroll som er nemnd over, kan den Behandlingsansvarlege avtale med Databehandlaren at den Behandlingsansvarlege sjølv gjennomfører ein tryggleiksrevisjon for eigen kostnad. Den Behandlingsansvarlege, eller ein representant for den Behandlingsansvarlege, skal under tilsyn av Databehandlaren få tilgang til både datasystem og lokale og skal dessutan gjevast moglegheita til å intervjue personar hos Databehandlaren som er autoriserte for arbeid med den Behandlingsansvarlege sine system.

I tilfelle tryggleiks- eller personvernbrot skal Databehandlaren varsle den Behandlingsansvarlege utan grunnlaust opphald. Ei melding om brot skal minst innehalde:

1. Ei skildring av typen brot på personopplysningstryggleiken, inkludert, dersom det let seg gjere, kva kategoriar av og omtrent kor mange registrerte brotet gjeld, og kva kategoriar av og omtrent kor mange typar personopplysningar brotet gjeld,

2. Namnet på og kontaktopplysningane til personvernrådgjevaren eller eit anna kontaktpunkt der ein kan få meir informasjon,

3. Ei skildring av dei sannsynlege følgjene av brotet på personopplysningstryggleiken,

4. Ei skildring av dei tiltaka som er sette inn eller føreslegne for å handtere brotet på personopplysningstryggleiken, inkludert, dersom det er relevant, tiltak for å redusere eventuelle skadeverknader som brotet måtte føre med seg.

Dersom det ikkje let seg gjere å gje alle desse opplysningane i den første meldinga, skal dei gjevast etter kvart som dei ligg føre.

Den Behandlingsansvarlege har ansvaret for å melde frå til tilsynsstyresmaktene, og Databehandlaren skal ikkje sende slik melding eller ta kontakt med tilsynsstyresmaktene med mindre den Behandlingsansvarlege har gjeve skriftleg instruks om dette.

Databehandlaren skal rette opp eventuelle avvik utan grunnlaust opphald. Avvik som skuldast Databehandlaren eller Underdatabehandlaren hans, skal rettast opp utan kostnad for den Behandlingsansvarlege. Databehandlaren skal gje ei skriftleg framstilling av opprettingstiltak og korleis ein planlegg å gjennomføre dei, og skal dokumentere utførte tiltak overfor den Behandlingsansvarlege.

8. Overføring til tredjeland og bruk av skytenester

Personopplysningar skal berre overførast til tredjeland etter skriftleg instruks frå den Behandlingsansvarlege. Databehandlaren skal såleis ikkje overføre eller på nokon måte late personar i tredjeland få tilgang til personopplysningar utan at den Behandlingsansvarlege på førehand har gjeve eksplisitt skriftleg godkjenning og instruks om overføring eller tilgang. Overføring av personopplysningar til/frå land utanfor EU/EØS som ikkje er godkjende av EU-kommisjonen på overføringstidspunktet, blir rekna som overføring til tredjeland.

Databehandlaren og eventuelle Underdatabehandlarar kan ikkje utan særskild godkjenning frå den Behandlingsansvarlege nytte skytenester dersom det kan føre til at personopplysningar blir behandla i tredjeland.

Reglane som regulerer overføring til tredjeland og bruk av skytenester gjeld både i tilfelle der personopplysningar blir lagra på ein server i tredjeland og i tilfelle der serveren står i Noreg, men personale i eit tredjeland har tilgang til personopplysningane som Databehandlaren behandlar på vegner av den Behandlingsansvarlege. Det same gjeld for innlogging via skytenester.

Samtykke og instruksar må opplyse om kva for land personopplysningane skal kunne overførast til. Sjølv med samtykke og instruksar er det ein føresetnad for overføring til tredjeland at krava til tryggleik og vern av dei registrerte sine rettar som følgjer av Personvernlovgjevinga, blir oppfylte.

Spørsmål om overføring til tredjeland og bruk av skytenester skal takast opp med den Behandlingsansvarlege seinast tre månader før slik behandling blir starta opp. Databehandlaren skal leggje fram ei risikovurdering for overføring eller bruk av skytenester. Ei eventuell overføring til tredjeland eller bruk av skytenester skal byggje på EU sin standardavtale for behandling av personopplysningar utanfor EU/EØS, med mindre den Behandlingsansvarlege godkjenner eit anna overføringsgrunnlag.

9. Avtaleperioden, pålegg om stans, plikter ved opphøyr/oppseiing

Avtalen gjeld så lenge Databehandlaren behandlar (eller har tilgang til) personopplysningar på vegner av den Behandlingsansvarlege etter Hovudavtalen eller seinare skriftlege avtalar mellom Partane.

Ved brot på denne Avtalen, skriftlege instruksar eller Personvernlovgjevinga kan den Behandlingsansvarlege påleggje Databehandlaren å stoppe vidare behandling av personopplysningane med umiddelbar verknad.

Databehandlaren skal, etter skriftleg instruks frå den Behandlingsansvarlege, slette eller levere tilbake alle personopplysningar til den Behandlingsansvarlege når Hovudavtalen eller seinare skriftlege avtalar mellom Partane går ut. Databehandlaren skal slette eventuelle kopiar av personopplysningane med mindre Databehandlaren har ei rettsleg plikt til å behandle personopplysningane. Plikta til å slette personopplysningar gjeld òg eventuelle tryggleikskopiar, men der held det at personopplysningane blir overskrivne i tråd med etablerte rutinar for tryggleikskopiering.

Databehandlaren skal så snart som mogleg gje den Behandlingsansvarlege skriftleg stadfesting på at alle personopplysningane er leverte tilbake eller sletta etter den Behandlingsansvarlege sine

skriftlege instruksjonar, og på at Databehandlaren ikkje har behalde kopiar, utskrifter eller andre former for personopplysningar i noka form.

10. Erstatningsansvar

Den Behandlingsansvarlege har krav på erstatning for tap som følgje av at Databehandlaren ikkje har oppfylt pliktene sine etter Avtalen.

Dette gjeld òg den Behandlingsansvarlege sin rett til å få betalt tilbake eventuell erstatning som er utbetalt til den skadelidne ved solidarisk ansvar og eventuelt brotsgebyr eller liknande som den Behandlingsansvarlege blir pålagd å betale av aktuelle tilsynsstyresmakter eller domstolar, og som kan førast tilbake til brot på Avtalen eller skriftlege instruksar frå Databehandlaren si side.

Eventuelle avgrensingar av erstatningsansvar i Hovudavtalen gjeld òg for erstatningsansvar etter Avtalen.

11. Andre rettar og plikter

Andre rettar og plikter følgjer av Hovudavtalen.

I tilfelle overdraging av Hovudavtalen til andre Partar skal denne Avtalen overdragast på same måte.

12. Endring av Avtalen

I tilfelle endringar i gjeldande lovverk, rettskraftig dom som gjev ei anna tolking av Personvernlovgjevinga, eller endringar i Hovudavtalen (eller seinare skriftlege avtalar mellom Partane) som krev endringar i denne Avtalen, skal Partane samarbeide for å oppdatere Avtalen tilsvarande.

13. Meldingar

Meldingar, informasjon, instruksar, varsel eller annan kommunikasjon mellom Partane etter denne Avtalen skal sendast skriftleg til kontaktpersonen for Hovudavtalen.

14. Lovval og verneting

Norsk rett skal gjelde for Avtalen, og Partane vedtek Bergen tingrett som verneting. Dette gjeld òg etter at Avtalen er avslutta.

***

Denne Avtalen ligg føre i 2 – to – originalar, og kvar av Partane beheld eitt eksemplar.

For Databehandlaren:	For den Behandlingsansvarlege:
Stad:	Stad:
Dato:	Dato:
_____	_____
Signatur:	Signatur:

Vedlegg 1

Føremålet med behandlinga:

Typen behandling:

Typar personopplysningar som skal behandlast:

Kategoriar av registrerte:

Dataflyt (skildring av prosessen for dataflyt for dei personopplysningane som Hovudavtalen og Avtalen regulerer). Skildringa kan eventuelt dokumenterast som vedlegg til Avtalen:

Frist for sletting av personopplysningar som Avtalen regulerer. (Opplys kva for data som skal slettast.)

Krav til arkivering av personopplysningar som Avtalen regulerer. (Opplys kva for data som er arkivpliktige.)

Vedlegg 2

Oversikt over Databehandlaren sin/e underdatabehandlar/ar

Selskap	Rolle	Org.nr.	Leveranseområde	Adresse	Kontakt-person	E-post kontaktperson

Vedlegg 3

Tiltredingserklæring

Namn på selskap, organisasjonsnummer, sluttar seg med dette til Databehandlaravtalen som er inngått mellom den Behandlingsansvarlege og Databehandlaren [dato xx.xx.xxxx], og blir kalla Underdatabehandlar.
Som Underdatabehandlar til Databehandlaren eller ein av Underdatabehandlarane til Databehandlaren stadfester vi at vi har påteke oss ansvar og plikter etter Databehandlaravtalen som blei inngått xx.xx.xxxx, og sluttar oss til den som Databehandlar i Databehandlaravtalen sin forstand.
Dersom ein Underdatabehandlar etter dette Vedlegg 3 nyttar underdatabehandlarar som skal behandle personopplysningar på vegner av den Behandlingsansvarlege, blir underdatabehandlaren òg Databehandlar i Databehandlaravtalen sin forstand og skal tilsvarande underteikne eit likelydande bilag til Databehandlaravtalen.
Alle eventuelle underdatabehandlarar har eit sjølvstendig ansvar og identiske plikter til å oppfylle krava i Databehandlaravtalen som vi stadfester at vi har fått utlevert ein kopi av.
Denne avtalen ligg føre i 3 – tre – eksemplar. Kvar av Partane beheld eitt eksemplar, og eitt eksemplar blir sendt til den Behandlingsansvarlege i Hovudavtalen.

Stad: ……..	Stad: ……..
Dato: …….	Dato: …….
Databehandlar	Underdatabehandlar
_____	_____
Namn	Namn